



MELAND KOMMUNE
 Postboks 79
 5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 10. januar 2018
 Vår ref.: 17/92
 Avdeling for digitalisering og fellesfunksjoner

Vedtak om tvangsmulkt: Ledige stillingar 4. kvartal 2017

Statistisk sentralbyrå (SSB) har vedteke å gi MELAND KOMMUNE tvangsmulkt fordi de ikkje har overhalde opplysningsplikta til Ledige stillingar 4. kvartal 2017.

Fristen for å sende inn opplysningar var 20. desember 2017.

De må betale tvangsmulkt dersom de ikkje sender inn opplysningar

Tvangsmulkta er på 3390,- kroner. Sjølv om vi har vedteke å gi dykk tvangsmulkt, kan de framleis unngå å betale:

- ✓ Send inn opplysningane som manglar, så snart som mogleg og seinast innan 24. januar 2018.
- ✓ Kontroller at de har sendt inn opplysningar om alle verksemdene vi har lista opp i vedlegget.
- ✓ Kontroller at de har kvittering for opplysningane de har sendt inn.

Sender de ikkje inn opplysningane innan den nye fristen, går saka vidare til Statens innkrevjingssentral, som krev inn mulkta. De må framleis sende inn opplysningane vi manglar, sjølv om de betaler tvangsmulkta.

De skal rapportere slik

De skal rapportere elektronisk via Altinn for 4. kvartal 2017 innan 24. januar 2018:

- ✓ Forsikre deg om at du har riktig rolle (oppgitt på skjemaets informasjonsside på altinn.no)
- ✓ Logg inn på www.altinn.no
- ✓ Vel aktør:
 - ✓ Merk av for «Se alle undereiningar»
 - ✓ Klikk på verksemda/undereininga du skal svare for
- ✓ Vel riktig skjema, fyll ut og send inn, og få kvittering på at opplysningane er sendt.

Problem med Altinn? Ta kontakt med Altinn brukarservice på telefon 75 00 60 00.

Aktuelt regelverk

- plikt til å gi og rett til å hente inn opplysningar: statistikkloven § 2-2
- rett til å pålegge tvangsmulkt: statistikkloven § 2-3
- rett til å tvangsinndrive mulkt og krevje betaling for kostnader: tvangsfullbyrdelsesloven
- rett til å klage på eit vedtak: forvaltingsloven kapittel VI

Desse lovane finn de på www.lovdatab.no.

Meiner de at vedtaket er feil?

Meiner de at vedtaket om tvangsmulkt er feil, kan de klage innan tre veker rekna frå de tek imot vedtaket.

Det er Finansdepartementet som er klageinstans, men de sender klagen til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for brukarkontakt, Postboks 1400 Rasta, 2225 Kongsvinger eller på e-post til mulkt@ssb.no. Klagen må innehalde disse punkta:

- ✓ namnet og organisasjonsnummeret til føretaket
- ✓ kva for undersøking det gjeld
- ✓ dokumentasjon på korfor de meiner de ikkje skal betale tvangsmulkt

SSB kan ettergi tvangsmulkt heilt eller delvis dersom de sender oss ein søknad. Føresetnaden er at det ligg føre særlege og dokumenterte årsaker.

Har de spørsmål?

De kan ta kontakt med svartenesta vår på e-post ledstill@ssb.no eller telefon 62 88 51 90 dersom noko er uklart eller de har spørsmål om vedtaket. Svartenesta er open kl. 09–15 alle kvardagar. Ha organisasjonsnummeret til føretaket klart, så kan vi hjelpe dykk raskare. For spørsmål om Altinn ta kontakt med brukarservice på telefon 75 00 60 00.

Med helsing



Birger Vikøren
administrerende direktør



Anne Sundvoll
underdirektør

Vedlegg: Oversikt over dei verksemdene som skal delta i undersøkinga

Vi manglar opplysningar om desse verksemdene:

Org.nr.:	Namn/Avdeling:	Adresse:
914408954	MELAND KOMMUNE ROSSLAND SFO	Skintveitvegen 11 5917 ROSSLAND
974586177	MELAND KOMMUNE PLAN UTBYGGING OG KOMMUNALTEKNIKK	5918 FREKHAUG